

Ljosnes treng buss-skur og vegljos

18.07.2007



Ljosnes er eit trafikkfarleg område og der er det nødvendig med tiltak snarast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor haust søkte dei som bur på Ljosnes Statens vegvesen om oppsettjing av buss-skur og vegljos ved buss-stoppene, men vegvesenet spela ballen over til kommunen fordi det er opp til denne å prioritera slike tiltak i samanheng med overordna trafikksikringsplanar.

No har Erlend Moen teke opp saka att med kommunen og håper på positiv behandling.

Han presiserer at det er like viktig at det kjem opp vegljos som buss-skur. Desse tinga heng nøye saman for å auka tryggleiken langs vegen både for unge og gamle.

Moen minnar om det har vore påkjørsler av hjort og rådyr i området. Dette kan også bli redusert ved oppsettjing av ljos langs vegen.

I januar var det ei synfaring med representantar frå oppvekstsenteret, Tide, vegvesenet og foreldre. Her var det full einigkeit om at tilhøva på staden er håplause med omsyn til trafikk-tryggleiken.

Vegvesenet sine representantar sa også at det ikkje skulle by på problem å laga busslommar på begge sider. Buss-stoppen på nordsida som tar med passasjerar utover mot Uskedalen er spesielt farleg og skapar farlege situasjonar. Grunneigaren har vore svært positiv til å gje areal til dette føremålet og her ligg det difor an til ei rask løysing, meiner Moen.

I april fekk alle på Ljosnes som har elevar ved Uskedalen oppvekstsenter eit brev frå oppvekstsenteret der det vart gjort framlegg om å kutta drosjeskyss til skulen for å spa pengar. Det kostar 500 kroner ekstra å halda denne skyssen i gang. Foreldra svara at dei ikkje aksepterte skulebuss før trafikktihøva vart betra og dernest oppmoda dei kommunen om å få laga sikker av- og påstigning med vegljos slik at det kunne nyttast buss i staden for drosje. Dette har ikkje kommunen svara på.

Når det no nærmer seg ein ny skulestart ber foreldra nok ei gong kommunen om å gjera noko. Hvis transporten no kostar 500 kroner ekstra om dagen vil det kosta 95.000 ekstra pr. skuleår å oppretthalda denne.
- Vi meiner difor at kommunen snarast må sette i verk dei nødvendige tiltak slik at elevane kan følgje vanleg buss i staden for å "kaste bort" pengar på drosje, skriv Moen til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen

